



Det vart fleire ringar enn i fjor!

**Det kom 60 til den fyrste julefesten, den i bedehuset, og det var langt fleire enn i fjor. Grunnen til det var ikkje minst at innslaget av julegjester utanfrå var større, opplyste Nelly Kjærland, som leia festen slik han skal leia. Dei 2 timane gjekk greitt unna etter kjent rituale.**

**Denne gongen var det Anne Kristin Christiansen som heldt andakten og Gerd Helen Christiansen trakterte fiolinen medan Niklas Lakselv (11) med sin sang imponerte slik familien har for vane for tida.**



Perleleiken var mellom andre Hallvard Leite, Robin Lakselv, Susanne Wisnes Eik og Ingrid Eik Arnevik med i Rolla som 'lekemor' fylte Svanhildk Haugland også denne gongen og perleleiken og stoll-leiken er begge greie å ty til. Men det er ikkje så lett å finna leiker som engasjerer heile festlyden. Men vi må sjølv sagt ikkje gløyma Nelly sitt eige prosjekt - som vart vakkert presentert også denne gongen.



Stoll-leiken er eit sikkert nummer

Derimot var ikkje nissen å sjå denne gongen heller men Nelly svarar slik når uskedalen.no spør om det er spesielle grunnar til at han er fråverande i bedehuset. - Vi har ikkje nokon nisse på festane våre, men det er ingen som har etterlyst han heller! Triveleg matøkt og godt regissert juletelegong må også registrerast på pluss-sida.



Svanhild Haugland spelar og Siv Marie Kjærland og Gerd Helen Christiansen syng

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen